

# Referat frå møte i Arbeidsmiljøutvalet ved Surnadal vidaregåande skole

11. januar 2018

**Til stades:** Mons Otnes – rektor

Ragnhild Nes – bedriftshelseteneste Stamina

Mari Vattøy – Fagforbundet

Jens Nervik – Utdanningsforbundet

Anders Melling – verneombod og leiar av AMU

Arnt Magne Røøyen – vaktmeister

Kristin Holten – HMS-koordinator og avdelingsleiar

## **Sak 1. Referat og oppfølging av saker frå siste møte**

Vald og truslar:

Mons har igjen vore i dialog med brannsjef Tor Arne Moen om evakueringsplass. Tor Arne Moen er i dialog med politiet om denne saka.

Risikovurdering TP-verkstaden:

Anders orienterte om at på grunn av sjukemelding har det vore stillstand i dette arbeidet.

Ladepunkt for el-bil:

Arnt Magne har spurt bygge- og egedomsavdelinga på fylket om dette. Ventar på tilbakemelding frå dei.

## **Sak 2. Rapport vernerunde**

Det vart oppdaga 2 avvik, som Anders har registrert på RiskManager.

Mons, Andre og Arnt Magne vil gjennomgå rapportane, og setje fristar for tiltak og kven som vil vere ansvarleg for dei ulike tiltaka.

Kjem tilbake til saka på AMU-møte i mars.

### **Sak 3. BHT-periode plan**

Det er avtalt følgende aktivitet/tiltak for 2018:

- Oppfølging etter MTM.
- Deltaking AMU.
- Beredskapsøving.

Plana er lagt ut på dei lokale HMS-sidene våre.

### **Sak 4. Årsrapport HMS**

Fylte ut årsrapporten HMS.

Mons sørger for at rapporten blir behandla i Skolemiljøutvalet.

Kristin sender inn rapporten.

### **Sak 5. Vurdering av lokale HMS-sider**

Manglar risikovurdering. Elles er HMS-sidene våre vurdert til OK.

### **Sak 6. Lokale resultatmål og handlingsplan 2018**

AMU vedtok å endre resultatmålet «Forbetre system for orden på TP-verkstaden», til «Forbetre system for orden på skolen».

Følgjande tiltak vart vedtatt til dette målet:

«Innhente kunnskap og informere aktuelle partar med tanke på å implementere system for orden på skolen.»

### **Sak 7. Eventuelt**

Ingen saker til eventuelt.

Referent: Kristin